

## Hjelmåsen as v/ Geir Styve, 5915 Hjelmås

Eigil Johnsen, Kristofer Jansonsvei 34, 5089 Bergen  
Marit Bønes, Tjørnhaugen 64, 5152 Bønes  
Unni Synnevåg, Litleåsvegen 86, 5132 Nyborg  
Arne Vilhelmsen, Likollen 15, 1481 Hagan  
Sidsel Styve  
Elin Styve

Hjelmås 02/09/2013

### Vedr. utbygging av Hellesåsen

#### «Når kartet ikkje stemmer med terrenget....»

*Hei – viser til informasjon datert 20/01/2013 – her er ei oppdatering*

*Vi har i dag hatt utskiftingsforretning på tomt nr 16 (nabotomt til Gunn Husa). Den skal skiljast ut og skøytast over til Heidi Styve / Inge Eikanger. Dei utstukne tomtehjørna baserer seg på koordinatar frå reguleringskartet, og er utført av kommunen. Det viste seg i dag at «nokon på kommunen» har brukt «tjukk strek» eller kart i for grov målestokk, så tomtehjørna (8 og 7 på kartet) kom godt opp i skråninga. Dette fekk vi ikkje endra påstaden, i så fall må vi til att med endringar i reguleringsplanen, og det er ein komplisert affære som vi har lite lyst til å gå inn i. Det endeleg ord i så måte vart sagt i kommunestyret rett før ferien.*

*Vi får heller ta inn i skøytet at opparbeidde gangstiar skal vere som dei er, det vert den enklaste formelle løysinga for alle.*

#### **1 Brønnar.**

Vi har dialog om Hagesæter sin brønn, og om boreholet som no er nedlagt. Den siste brønnen har vi ikkje fått noko tilbakemelding om. Vi går difor ut frå at den ikkje er i bruk, og at vi ikkje tek omsyn til den under terrengarbeid.

#### **2 Omlegging av kraftliner.**

Omlegging av kraftline over tomt 16 er avtalt med BKK; det skjer på kort varsel etter behov. Traseen kjem til å gå langs fjellskråninga. Vi skal lage ei kabelgrøft frå ny stolpe og bort til eksisterande stolpe ved Husa, der vi koplar oss inn på eksisterande kabelgrøft.

#### **3 Felling av trær**

Vi ser oss ferdig med det grøvste av det vi har tenkt å ta ned. (Men du verden så det veks oppatt!)

#### **4. Parkering**

Vi vil flytte parkeringsplassen slik vi skissemessig har antyda på teikninga, og la gangstiane kunne ut på denne p-plassen. Det betyr at dei vert lite grann lagt om, på «den flate delen».

#### **5. Løypestreng**

Vi er takksame for at løypestrengen er fjerna !


#### **6. Gangsti/snarveg ned til bygdevegen (mellom tomt 16 og 203/78)**

Denne vert no gåande over tomt 16, ut frå det som er forklart ovanfor. Gangrett for alle vil verte sikra i skøyte med tomt 16.

Dersom det elles er ting som er oversett, eller det er fornuftig med ei felles befaring, så gje endeleg beskjed!

Beste helsing  
Hjelmåsen as

Geir Styve



*Utsnitt frå utstikningskart. Husplassering på tomt 16, er skissemessig, vert ikkje nett slik.*

Våre moment er skissa innpå slik vi planlegg no.

Ingen av dei tiltaka vi antyder medfører kostnader for våre naboar